

Styresak

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 18.01.2010
 Sakhandsamar: **Anne May S. Sønstabø**
 Saka gjeld: **Justering av resultatkrava for 2009**

Arkivsak

2010/42/

Styresak 006/10 B

Styremøte 03.02. 2010

Forslag til vedtak

Styret i Helse Vest RHF vedtar følgjande justerte resultatkrav for 2009:

Resultatkrav 2009	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Opprinneleg resultatkrav 2009	20 000	-	25 000	-40 000	7 833	105	40 000	52 938
- justering av resultatkrav pga gjestepasientar rehabilitering	-8 456	-5 934	-12 125	-6 389	-	-	32 905	
Justert resultatkrav 2009	11 544	-5 934	12 875	-46 389	7 833	105	72 905	52 938

Oppsummering

Administrasjonen føl i denne saka opp styrevedtak 2. desember, sak 108/09, angående endring av resultatkravet for helseføretaka i 2009, og føreslår at resultatkrava blir justert tilsvarende gjestepasientkostnadene innan rehabilitering.

Fakta

Styret i Helse Vest gjorde i sak 108/09 følgjande vedtak (pkt. 4):

4. Administrerende direktør får fullmakt til å justere resultatkrav til helseføretaka for 2009 som følgje av kostnader til rehabiliterings- og opptreningsinstitusjonar i Helse Sør-Aust. Resultatkravet til RHF-et blir skjerpa tilsvarende.

Kostnadsfri bruk av rehabiliteringsinstitusjonane i andre regionar vart oppheva frå 1.1.09. Bakgrunnen for dette var at Helse Vest frå og med 2009 hadde fått tildelt midlar i tråd med Magnussenutvalet sin inntektsmodell, og at det i denne fordelinga var teke omsyn òg til midlar til rehabilitering.

Kommentar

Rehabilitering

Både administrasjonen og styreleiar har argumentert overfor helsedepartementet at regionane ikkje ville få full kompensasjon for Magnussenutvalet før i 2010, og at det difor var urimeleg at denne kostnaden skulle dekkast. Det er også blitt problematisert at avtalar ikkje var inngått slik HOD hadde føresett i Styringsdokumentet. Resultatet vart til slutt at ein for 2009 skulle ha eit gjestepasientoppgjjer som utgjorde 75 % av totalkostnaden.

Det var i byrjinga av året uklart kor mykje kostnadene knytt til gjestepasientoppgjeret innan rehabilitering ville dreia seg om. Etter kvart som ein på hausten fekk oversikt over omfanget, vart det klart at dette var ei rekning som ein ikkje kunne forventa at helseføretaka kunne dekkja innanfor den tildelte basisramma. For at ikkje helseføretaka skal få eit resultatmessig avvik som følgje av dette, har ein difor valt å endra resultatkravet til HF'a slik at rehabilitering i andre regionar ikkje forverrar resultatet til føretaka. Sjølv om vi førebels berre har faktiske tal pr. 2. tertial, er det laga estimat som gjer at ein no finn ein kostnad for heile året pr. helseføretak.

	Helse Sør-Øst		Helse Midt	Samla justering av resultatkrav
	Kostnad pr 2. tertial 09	Avsetning 3. tertial	Avsetning hele 2009	
Helse Stavanger	5 380 420	2 690 000	386 000	8 456 420
Helse Fonna	3 847 338	1 985 000	102 000	5 934 338
Helse Bergen	7 749 858	3 875 000	500 000	12 124 858
Helse Førde	2 344 194	1 170 000	2 875 000	6 389 194
SUM	19 321 810	9 720 000	3 863 000	32 904 810

Fristbrot

Helse Førde har fått reknningar på fristbrot på pasientar som på operasjonstidspunktet var heimehøyrende i Helse Sør-Øst, men på garantitidspunktet busett i Hordaland. Tilsaman utgjer dette kr 436.000,-. Helse Førde har bedt om å få resultatkravet justert for denne kostnaden. Administrasjonen har vurdert saken, men har kome til at denne risikoen bør ligge på Helse Førde som har gitt garantien. Det nasjonale AD møtet har tidlegare avgjort at det føretaket som har gitt garantien også må ta kostnaden ved fristbrotet. Administrerende direktør vil difor ikkje tilrå å gje Helse Førde ei lette i resultatkravet som følgje av dette.

Konklusjon

Administrerende direktør foreslår at resultatkravet til helseføretaka blir endra tilsvarande. Dette gir følgjande resultatkrav for 2009:

Resultatkrav 2009	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Opprinneleg resultatkrav 2009	20 000	-	25 000	-40 000	7 833	105	40 000	52 938
- justering av resultatkrav pga gjestepasientar rehabilitering	-8 456	-5 934	-12 125	-6 389	-	-	32 905	
Justert resultatkrav 2009	11 544	-5 934	12 875	-46 389	7 833	105	72 905	52 938